

Unikt bilete av kyrkja og prestegarden har kome for ein dag

Tekst: Oddmund Hoel



Kyrkjebilete frå 1833 1: Knut Baade sitt oljemåleri frå 1833. I framgrunnen beitar geitene. Kyrne flokkar seg kring kona som står i døra i hovudbygningen, som berre hadde ei høgd. Den nye stovebygningen som vart bygd 1841–43, var i to høgder og hadde inngangen på midten. Kyrkja var den gongen tjørebreidd. Ho fekk ny bordkledning, vart måla kvit og fekk nye glas på sørveggen 1858–62.

I november i fjor kom det eit festleg e-brev frå Tor Laache i Gjerdrum. Under rydding i sakene etter foreldra sine hadde han funne eit oljemåleri av ei kyrkje og eit bustadhus i eit vestlandslandskap. På måleriet kan ein så vidt tyde «Baade 1833». Signaturen og motivet var nok til at Laache etter ein del historisk detektivarbeid kunne rulle opp ei interessant historie for oss.

MOTIVET FYRST

Då me arbeidde med jubileumsboka for kyrkja (2010), var ei blyantteikning frå 1846 den eldste me greidde å finne av kyrkja og prestegarden. Ein ny hovudbygning i prestegarden vart bygd i

åra 1841–43, så blyantteikninga frå 1846 rakk så vidt å få med bygningen som er kjend frå alle gamle bilete av prestegarden fram til flyttinga av tunet til dagens plassering i 1905. Men noko bilete som viste den gamle hovudbygningen (før 1841) hadde me den gongen ikkje. Måleriet frå 1833 som Laache fann, er såleis unikt ved at det er det einaste biletet som viser korleis hovudbygningen før 1841 såg ut. Måleriet er neppe heilt nøyaktig i alle detaljar – det kan ein sjå på kyrkja. Men det stemmer bra med ei skildring av stovehuset i ei åbottsforretning frå 1813: «Een af Tømmer opført Hovedbygning bestaaende af en etage, hvori er 2de Stuer, i den eene er een Kakkellovn,

med Trommel, 2de Sængeskammer, et Kjøkken med Spisekammer, Skorsteen og Bagerovn, et Slags Kammer i den østlige Ende af Bygningen; ovenover disse Værelser et Loft og ovenover heele Huset et Torv og Nævertag.» Jamført med dei prangande prestegardane i større prestegjeld var ikkje dette mykje til husrom for prestefolket. Stovehuset i prestegarden var neppe større enn på mange av gardane i Jostedalen.

KVEN VAR SÅ KUNSTNAREN?

Knud Baade (1808–1879) var son av juristen Andreas Baade og voks opp i Skjold i Rogaland. Han fekk høve til å utdanne seg til biletkunstnar frå han var 15 år, fyrst i

Bergen, seinare i København og etter kvart i Dresden i Tyskland der det var ein norsk kunstnar-koloni. Baade vart ein av dei store romantikarane i norsk kunsthistorie på 1800-talet og er særleg kjend som landskaps- og portrettmålar. I 1831 vart far hans sorenskrivar i Solvorn, og Knud Baade (no 23 år) heldt til der i ei årrekkje. Han måla mange små bilete av kyrkjer i sognelandskapet, mellom anna jostedalskyrkja. I 1846 måla Baade eit av dei kjende bileta av Nigardsbreen i Nasjonalmuseet (Nasjonalgalleriet) i Oslo, og det finst bilete frå Krundalen etter han.

Baade må ha gjeve biletet av jostedalskyrkja til han som var prest her i 1833 og kanskje har tinga biletet. Presten var Bernt Anker Leigh som kom til Jostedalen i 1829 og drog i 1835. Leigh har fått ord på seg for å vere svært godt likt i bygda. Han var ein av dei fyrste prestane på lenge som dreiv

prestegarden sjølv framfor å pakte han bort, og han utbetra garden mykje og interesserte seg for drifta. I 1834 skipa Leigh «Justedals Læseselskab» der eit tjuetals gardbrukarar melde seg inn for å kunne låne bøker. Bernt Leigh og kona Anna Justine Coucheron var barnlause, men tok til seg ein pleieson – Jacob Knudtsøn (fødd 1827) «der siden alltid var ham en hengiven søn», som ei slektssose seier. Jacob var husmannssøn frå Mosevollen og miste mor si tre og eit halvt år gamal i 1831.

Jacob må ha overteke biletet etter fosterforeldra sine, og deretter har det gått i arv. Og då har me forkla- ringa på kvifor Tor Laache fann det, for han er oldebarn av Jacob frå Mosevollen.

Laache har ordna med ein kopi av biletet til Jostedal historielag, og soknerådet vil syte for at kopien får plass i det nye bygget ved kyrkja

når det står ferdig. Tor Laache skal ha ein varm takk ikkje berre for å ha teke vare på eit viktig historisk dokument for Jostedalen, men òg for å ha funne ut kvar det kom frå og for å ha teke kontakt. Det skulle lite til før dette biletet vart verande ukjent for oss.

Kjelder:

- Opplysningar i e-brev 18.11.2014 og brev 9.1.2015 frå Tor Laache.
- «Knud Baade» i Norsk kunstnerleksikon I–IV, Oslo 1982–86, digital utgåve https://nkl.snl.no/Knud_Baade.
- Kåre Øvregard, Asbjørg Ormberg og Oddmund Hoel: Jostedal kyrkje. Fakta, segn og soge gjennom 350 år, Leikanger 2010, side 202–204.
- Lars Øyane: Gards- og ættesoge for Luster kommune. Jostedal sokn (band 5), Gaupne 1994, side 334–335 (Bernt og Anna Leigh) og 405–406 (Jacob Knudtsøn).



Kyrkjebilete frå 1833 2: Tor Laache, kona Aud Barsnes (frå Sogndal) og dottera Ingrid fekk omvising i kyrkja i sommar av Asbjørg og Kristen Ormberg. Tor kunne då vise fram originalen av måleriet frå 1833.